



Førjulstid og juletradisjonar i eldre tid

MÅLFRID SNØRTELAND

Juleførebuingane og julestria tar til lenge før desember. Alt i oktober er dei første juledekorasjonane på plass i varemagasina. I haustmørke og ruskever tenner ein stearinlys og skaper "julestemning", og bygger opp forventningane om fredeleg julekos og julehygge.

Samtidig aukar stressfaktoren jo nærare jula ein kjem, og ein oppdagar at juleførebuingane ligg etter skjema.

Men korleis var førjulstria før i tida? Korleis feira rogalendingane jul for 100 – 150 år sidan? Korleis har skikkane endra seg? Er nissen den same som før, eller var her andre frantoningar som ferdast ute i julenatta?

Kjelder

I denne artikkelen skal me først og fremst sjå på folkelege førestellingar og skikkar knytta til førjulstida og julefeiringa i eldre tid. "Eldre tid" er her i hovudsak brukt om siste halvdel av 1800-talet og tida først på 1900-talet. Men i somme tilfelle vil me og ta føre oss endringar som har skjedd dei siste tiåra av 1900-talet.

Artikkelen bygger i stor grad på tradisjonsmateriale frå Rogaland samla inn av Norsk Etnologisk Gran-sking (NEG) i begynnelsen av 1950-talet. Dei sende ut

spørjelister om ulike juletradisjonar til informantar i ulike kommunar over heile landet. Dei fleste informantane var fødte i 1870-1890-åra, og kunne hugsa tilbake til tida sist på 1800-talet. Materialet gir innblikk i ei tankeverd som er nokså ukjend for dei fleste som lever i dag.

Folkelege trusførestellingar, mattradisjonar og andre skikkar blir påverka av samfunnsendringar, kulturkontakt og nye impulsar utanfrå. Dette skjer gradvis, og me ser at ulike tradisjonar og førestellingar har halde seg lengre "i manns minne" i somme bygder enn i andre.

Her på Jærmuseet har me gått gjennom informantmaterialet frå Rogaland. Når det gjeld enkelte emne kunne me for vår del ønskja fleire og fyldigare svar

*Gang rundt juletreet hos Gunnvor og Odd Skår, jula 1958
Frå høgre: Oddvar Bø, Reidun Nord-Varhaug, Berit Ånestad,
Trygve Bø, Livar Nord-Varhaug, Reidun Skår, Olav Skår.
Foto: Nils T. Bø.*

frå Jæren. I somme høve saknar me og fødselsår på informanten og nærare tidfesting av dei skikkane og førestellingane som blir omtala.

I stor grad let me informantane sjøve fortelja om skikkar og truer slik dei hugsa det. I tillegg til NEG-materialet bygger artikkelen på tidlegare litteratur om emnet, og ein del intervjumateriale samla inn av Jærmuseet dei siste åra i samband med innsamlinga av gamle mattradisjonar.

Ei farleg førjulstid

"Julestria" var vel så strid før som nå. Dei skulle slakta, baka og bryggja, og helst skulle alle i heimen ha eit nytt klesplagg til jul. Det var slett ingen fredfull periode. Dette var rett og slett ei farleg tid, då mange farlege makter og ulike vetter var laus i mørket – m.a. Oskoreia, Lussi, Tollak Spole, huldra, julegeita og julebukkan. Me må ha i minne at før elektrisiteten si tid var "mørketida" verkeleg mørk. Her var ingen gatelys eller opplyste stover og hus. I det dimme lyset frå dei gamle kolene eller sjålyktene fortona omgjevnadane seg som dulgde og utydelege.

Kanskje ikkje så rart at folk tykte dei høyrde og såg underlege framtoningar som luska omkring i mørke krokar i uthusa, eller som tusla og tasla bak haugar og hamrar i eit dunkelt og audslegt landskap.

Lussi – skræmefigur og arbeidstilsyn

Ei av dei vettene som ferdast omkring i Rogalandsbygdene før jul var Lussi.

Lussifiguren er mest kjend i Sørvest- Norge, i området frå Setesdal til Hardanger, og først og fremst i

kystdistrikta. Rogaland ligg såleis midt i kjerneområdet for dei gamle Lussi-tradisjonane.

Kven var Lussi? Korleis såg ho så ut? Kva forteljingar og førestellingar finn me om denne figuren i Rogaland? I dag er det vel dei færreste som har høyrte om den gamle Lussi, men heilt ute or folketradisjonen er ho ikkje.

"Lussi var eit fælslegt kvinnfolk. Ho for på himmelen med jernsleden sin og måtte sjå til at alt var gjort, og at adle bodnå var gilde", fortel ei eldre kone på Nærbø hausten 2003.

I boka "Under Jærens himmel" skriv Teodor Dahl at nissen og Lussi var vel kjente på Jæren.

I dei folkelege førestellingane er "Lussi" framstilt som ein kvinneleg demon eller vette - eit uhorveleg stort kvinnfolk som for mellom hus og gardar. Ho kunne komma køyrande eller ridande - helst nattetider. Ho var eit slags arbeidstilsyn som skulle sjå til at dei viktigaste juleførebuingane var ferdige til "Lussi" – 13. desember. Ikkje alle er heilt sikre på datoen, nokre nemner 11. desember som lussikvelden.

Særleg måtte folk passa på at alle slag arbeid som innebar bevegelsar som gjekk rundt måtte vera ferdig til Lussi: - etter dette måtte dei ikkje spinna, ikkje mala på kvern, ikkje kjevla.

Oppdaga Lussi at folk utførde slikt arbeid etter den fastsette dato kunne ho komma og skrika ned pipa: *"Inkje bryggja, inkje бага, inkje store eldar hava"* Dersom folk braut desse påbuda, kunne dei bli straffa: Ho kunne f.eks bryta sund øvste delen av pipa. Eller ho truga: *"Så går leiven itu, hella (bakstehella) i sju, og bakstebordet i femtan bitar"*.



Lussi og julebukken. Teikning av informant frå Høgsfjorden, NEG 1950. Informanten kalla julebukkan for "jolesveinar".

Ei segn frå Ryfylke fortel at ei kone sat lussikvelden og baka lefser. Så kom det inn ein haugkall og spurde om ho ikkje visste kva kveld det var. Kona svara: *"Lat dei lussa kven som lussa vil, så lussar eg fram leiven min."* Då blei høggre handa hennar lam.

Ei liknande historie fortel ei kone frå Bjerkreim til Jærmuseet i 1998: *".. du skulle missa ei hand, viss du ikkje hadde bakt før lussi."*

Naturleg nok var Lussi god å ha for foreldre og besteforeldre når dei skulle skræma ungane : born som hadde vore "ukjurne" måtte vera ekstra påpasselege - Lussi kunne komma ned gjennom pipa og ta dei.

Lussinatta, Lussiferda og Oskoreia

Opphavleg heitte det at Lussinatta var den lengste og mørkaste natta i året, d.v.s. at Lussi fall saman med vintersolverv. Rim og reglar om Lussinatta tyder på dette: *"Lussinottå longe, rauta kua, longe så to, svara veren"*, heiter det i ei regle frå Karmøy.

Etter gammal tidsrekning, d.v.s. før 1700, fall vintersolverv eller solsnu på den 13. desember. Men etter at ny tidskalender blei innført i året 1700, er datoen for vintersolverv nå 21. desember.

Natt til 13. desember, sjølve "lussinatta" var ekstra farleg for både folk og fe. Då var heile *Lussiferda* ute. Ho kom køyrande eller ridande og kunne ta folk med seg. Skildringa minner om "Oskoreia", og mange stader her i fylket blir desse fenomena blanda saman. Oskoreia var (iflg. Ronald Grambo: "Gjester fra graven") ein flokk balstyrige daudingar, helst mordarar, tjuvar og andre kriminelle. Følgjet var særleg ute og ferdast julekvelden. Dei reid på hestane sine, fór gjennom lufta


med skrik og ståk og gjorde ugagn overalt kor dei ferdast: tok hestane or stallen og skamreid dei frå gard til gard, kunne øydelegga sledar og reiskap som ikkje var rydda or tunet før julekvelden eller dei braut seg inn i kjellarane og stal øl. Kanskje drakk dei opp alt ølet og fylte vatn eller urin på dei tomme tønnene. Ikkje rart folk prøvde å verja seg ved å mala kors på øltønnene eller ha stål over dørene. Nokre gonger blei *Oskoreia* leia av Guri Rysserova og Sigurd Svein. Rysserova betyr visstnok hestehale, og Guri blir mange stader oppfatta som eit huldreliknande vesen.

Ei liknande skildring gir Jørgen Skjæveland frå Bjerkreim av Lussiferda til NEG i 1978: *"... Lussi, (var) eit skræmeleg jule troll i gamle dagar, eit forferdelig kvinnfolk som tok hestar natta til den 12. desember og reid dei dyvåte og sveitte. Derfor bygde folk stalldøra så låg og sette krossar på henne for at ikkje Lussi skulle sleppa inn. Lussi var ofte blanda saman med Åsgårdsreia og julebukkar. Ei tid kledde ungdommar seg ut som Lussi med skinn teppe over seg og store horn og skremte gamle overtruiske folk Lussikvelden"*.

Jærdiktaren Teodor Dahl (f. 1886) minnest ein kveld han stod saman med bestefaren i tunet: *"Det var måneløst, men stjerneblankt. Morfar lydde og lydde og sa: - Høyre du Olgereio? Høyr kolst bjødlene ringje!"*

"Å gå lussi"

I eldre tid var det stort sett vaksne ungdommar som kledde seg ut og gjekk lussi. Ei detaljert skildring av ein slik utkledd Lussifigur har me frå ein gard i Høgsgjorden. Heimelsmannen fortel etter bestemor si, som var fødd i 1831, at i hennar barndom og ungdom



Malaren P.N. Arbo sitt maleri "Aasgaardsreien" frå 1872.

var det vanleg at einkvan kledde seg ut og "gjekk lussi" kvelden føre Lussi-natta. Den skapningen ho sjølv hadde sett ute på tunet i måneskinet såg slik ut: Ein av dei største drengene kledde seg ut i den største stakken han kunne få tak i. Kring livet knytte han ei store fjosbreid, (d.v.s. eit slags forkle), og kring akslene eit sjal og raudt skjerf. Over hovudet spende han ein treklave

kor det var sett fast eit bukkahorn og eit verahorn. Til øyrer hadde han eit par store ullvottar stappa med halm, og til tunga ein hårsil. Han hadde ein krokete stav i den eine handa og ein skinnhit i den andre. Somme kunne og bruka eit flådd kalvehovud til maska.

Informanten meiner at borna kunne blei reint vit-skremde og tullete av redsle når dei fekk sjå eit slikt



*Kvelden før Lussinatta, natta til 13. desember, brukte borna i Egersund og området omkring "å gå Lossi". Før var det mest for å skræma andre og ha det moro, men i seinare tid brukar dei å få "godteri" i posane dei har med seg.
Foto: Arvis Midbrød, om lag 1970.*

vesen, og at det var grunnen til at skikken gjekk meir og meir or bruk. "Men ennå hev sume ei redsle for Lussenåttå", skriv han i 1950-åra.

Somme plasser i Rogaland har det vore vanleg "å gå lussi" like til vår tid. Lussi-tradisjonen har halde seg lengst i Dalane. Arvid Midbrød, tidlegare museums-

styrar ved Dalane Folkemuseum, skriv i artikkelen "Trilla egg og gå lussi" (Sjå Jæren 1990) at ungane i Eigersund og Sokndal kler seg ut og går lussi om kvelden 12. desember. Han fortel vidare at heilt opp til 2. verdskrig var det vanleg å teikna "lussi" på husveggene som ein kvinnefigur - eller som ei sol: ein rund ring med stråler ut frå ringen og med ein loddrett strek i midten. Dette er både ei sol og eit symbol for kvinnekjønn. Det peikar tilbake på eldgammal dyrking av den livgjevande sola, førestellingane om forplanting og nytt liv som var forbunde med at sola snudde.

Kanskje er desse skikkane frå Egersund dei siste restane av tusenårige tradisjonar knytta til denne tida på året - tradisjonar som truleg har vore vanlege i heile Rogaland.

I seinare tid er Lussitradisjonane blitt blanda saman med nyare "julebukk"-tradisjon. Så seint som i 1978 fekk Norsk Etnologisk Gransking inn to skildringar frå Dalane frå informantar som sjølve hadde opplevd lussifeiringa.

I skildringa si av Lussitradisjonen fortel Jørgen Skjæveland vidare at: "Nå er det born som går Lussi frå hus til hus føre Lussinatta. Det kleder seg gjerne ut som julenissar med stygge masker, rettar fram ein pose og tiggjar etter søte saker og frukt. - Såleis kan dei gamle juleskikkane verta blanda gjennom tidene".

Ei kone frå Hauge i Dalane minnest Lussi-feiringa i sin barndom først på 1900-talet slik: "Lussinotto den store, tolvta notto før jola. Men feiringen blevførebudd lenge før. I november begynte vi å lage løkter. Det var guttenes arbeid å lage skjeletter i sløyden. Så ble der skåret til papp til bund og fire sider og lokk med hull i.



Over t.h: Moderne julebukkar i Stavanger i 1993. Lussi- og julebukktadisjonane kan minna mykje om kvarandre, også i nyare tid.

Over: T.v. Marie Louise Næsheim og Siri Tørresen t.h., over t.h: Siri og Håvard Tørresen er klare til å gå julebukk.

Nede t.h: Trendane i julebukk-utkleddinga er i utvikling. Her har Dorte og Hans Thomas Heiberg Tørresen kledd seg ut som Tina Turner og ein indianer i 1990.



Sidene ble skåret ut, alltid skulle der være en kirke med vinduer og tårn, og en stjerne på taket, der ble klistret gult silkepapir på baksiden. Ellers ble det skåret ut stjerner, måne, engler, hester og sauer, det var et svært arbeide, alle skulle ha sin løkt. Det store kaffebordet til mor var fullt, og stua full av jenter og gutter. Når alle sidene var ferdig ble løktene sprikret sammen, og en lysholder ble festet i bunden med halvt stearinlys. Om kvelden ble løktene tent, og barna gikk i tog framover gaten. De sang og banket på hver dør og sa: Det er lussi. Alle hadde noe å gi dem i posen: kaker, nøtter, epler og sukkertøy. De måtte ha maske for ansiktet(....) Det var intet katolsk eller kristelig over lussifiguren i min tid, da passer den bedre inn i sagnet om Oskereia..... "

Frå Lussi til Lucia

I dag tenker dei fleste på "Lucia" når dei høyrer namnet Lussi. Men den gamle Lussi var, som me har høyr, rake motsetninga til den Lucia som barnehagane og skulane feirar i vår tid

Namn og dato kan likevel vitna om ein viss samanheng. Professor i folkeminnvitskap Olav Bø har peika på at Lucia har same etymologiske opphav som Lucifer, og han knyter m.a. dei norske "lussi"-førestellingane til Lucifer-tradisjonen. Lussi skulle vera Adam si første kone, og blei rekna som ættemor til dei underjordiske.

I tysk tradisjon har Lucia også ei dobbeltydning: "Lucia die helle", - Santa Lucia, og "Lucia die dunkle" - som er meir i slekt med vår sørvest- norske Lussi.

Legenden om Santa Lucia

Luciafeiringa 13. desember er til minne om Santa Lucia, martyren frå Sicilia som blei drepen på 300-talet. I følge legenden hadde familien lova henne bort til ein friar. Men Lucia sjølv hadde gitt ein heilag løvnad om å leva som jomfru heile livet. Friaren melde henne då til styresmaktene fordi ho var kristen. Ho blei dømt til å sona sin brøde i eit horehus. Men då ho skulle førast dit var det inga makt på jorda som kunne rikka henne – endå det blei tilkalla fleire tusen mann og fleire oksar. Dei prøvde å brenna henne på bålet, men enda dei hadde på godt med olje, fekk dei ikkje bålet til å brenna. Til slutt blei ho drepen med eit sverdstikk. (Brynjulf Alver: Dag og merke).

Nye skikkar - Lucia-feiring i Rogaland

Sjølv om ein har spor av ei viss Lucia- dyrking i Norge i middelalderen, er Lucia-feiringa ein heller ny tradisjon her i landet. I alle fall på bygdene var det lite snakk om Lucia for nokre tiår sidan. Då NEG i 1978 sende ut spørjelister om Lucia-dagen og Lucia-opptog kom det inn 11 svar frå Rogaland. Ingen av desse kjende til at det hadde vore noko Luciafeiring i deira bygd i eldre tid.

Nokre meinte at Lucia-feiringa hadde folk først hadde fått kjennskap til gjennom aviser og fjernsyn. Men kordan spreidde denne skikken seg til våre kantar?

Kanskje var Stavanger tidleg ute med Lucia-feiringa her i landet? BUL (Bondeungdomslaget) i byen skipa til Luciaopptog frå 1958, - etter initiativ frå ei svensk dame, blir det sagt.


Ei av NEG sine informantar fortel at ho budde i



Lucia-opptog i Bondeungdomslaget i Stavanger i 1958. Lucia dette året var Marit Molaug.

Stavanger frå 1963 – 1971. Ho hugsar at Luciadagen, eller næraste sundag, blei feira med Luciaopptog gjennom gatene til domkyrkja. Lucia med følge blei då køyrt på ein pynta lastebil. Arrangementet minna på mange måtar om ei missekåring.

"I kirken var det konsert. Lucia ble egentlig kåret (omtrent som en missekåring). Etter hvert ble det tatt hensyn til at hun kunne synge. De som ikke nådde til topps i konkurransen ble ternet. (...) Dette arrangementet var til inntekt for et godt formål. (...) Jeg har



Lucia og ternene hennar i eiga vogn i opptoget gjennom gatene i Stavanger.
Foto: Stavanger Aftenblad, 1981

bodd mange steder: som voksen i Oslo, Mo i Rana, Glomfjord, Hammerfest, Bodø, Stamsund, Stavanger og Trondheim. Men jeg kan ikke huske Luciafeiring andre steder enn i Stavanger".

Oppslaga i Stavanger Aftenblad frå 1965 og framover fortel at Luciafeiringa var knytta til Lyslotteriet,

arrangert av Sinnslidenes Venner. Overskotet av konserten gjekk til gode formål i deira regi. Men Luciafeiringa i Stavanger må ha inspirert tettstadene på Jæren til liknande arrangement.

Frå Sandnes blir det fortald at i 1960-åra arrangerte Sandnes Idrettslag Lucia-opptog, men dei "lånte" Lucia

og ternene hennar frå Stavanger. Fiskehandlar Trygve Rasmussen stilte med hest og vogn, og bak vogna gjekk barn og ungdom utkledd som nissar.

I Jærbladet 2. november 1962 blir jenter mellom 16 og 20 år med god songstemme oppmoda til å melda seg på Lucia-konkurransen og senda inn bilete. Nokre veker seinare (23.11.) presenterer avisa foto av 7 kandidatar. Lesarane blir oppmoda til å stemma på sin kandidat ved å fylla ut ein kupong i avisa og senda den inn til Jærbladet. Truleg starta tiltaket opp året før, i 1961: "Suksessen med Lucia-arrangementet på Bryne i fjor gjorde at man vil forsøke å få det som et fast punkt i julefeiringa på stedet". Tilstellinga føregjekk likevel ikkje på Lucia-dagen, men på sundagen etter. Og avisa legg til at "Også andre steder på Jæren vil Lucia og hennes ternar spre lys denne uken.."

I 1963 hadde Jærbladet ei detaljert skildring av heile arrangementet: "Veret var kaldt og klart, retteleg vinterver, og då tida for opptoget nærma seg, var gatene fulle av folk. Presis kl. fem vart alle ljosa sløkte, bere butikkvindaugo lyste og lokka med fine utstillingar. Lucia og dei seks ternene hennar starta turen frå Bryne skule, kørde så Skulegata, Industrigata og Storgata til Torget. Men først hadde dei vitja Bryne gamleheim der dei song og deklamerte for dei eldre.

Det var stille i gatene då det høgtidssame opptoget kom. Først kom fakkelberarar, og så ei fin pynta vogn dregen av ein brun travar. Frampå vogna sat Lucia, kvitkledd og med ljuskrona i håret, og rundt henne dei seks ternene med faklar. Komne til Torget, steig dei ut og opp på ein tribune som var reist der. Kaptein Kjell Nilsen i Frelsesarmeen las frå legenden om Lucia, og

Lucia saman med ternene song "Deilig er den himmel blå" og Lucia-songen. "

Men arrangementet var ikkje avslutta med dette. Prosesjonen gjekk vidare til Gjesteheimen der det bl.a. var song av Opstad-koret. Seinare på kvelden var det Lucia-tilstelling i Frelsesarmeen. Arrangørar var Frelsesarmeen og Ungdommens Røde Kors.

Me har ikkje her opplysningar om kor lenge ein heldt på med desse Lucia-opptoga. Men i 1974 kan Jærbladet fortelja at Frelsesarmeen sitt Lucia-arrangement ".. forløp som det pleier".

Men nokre endringar kan me spora. Deltakarane tilhører nå "Frelsesarmeens juniorer", og prosesjonen hadde skifta frå hestetransport til lastebil. Etter bilen følgde 15 sundagsskulebarn med faklar. Arrangementet blei avslutta med gang rundt juletreet.

På 1970-talet adopterer ein etter kvart ulike former for Luciafeiring og Lucia-inspirerte arrangement utover i bygdene.

Frå Karmøy blir det m.a. fortald at dei siste ni åra hadde Norheim Barnehageforening (sør for Hauge-sund) skipa til Lucia-opptog sundagen nærast Lucia-dagen. Anne Marie Øvregaard fortel at Klepp Bondeskvinnelag arrangerte Lucia-opptog frå 1974, men utan noko "missekåring". Initiativet kom frå fru Paulsen frå Stavanger som på den tid kom som musikk lærar til Klepp. Ho var og kordirigent, m.a. for Horpestad skulekor. Anne Marie Øvregaard fortel vidare: " Dei har ljosomesse i Klepp kyrkje siste sundag før jul. Då er det eit fast skulekor i kommunen som har Luciaopptog. Skulekoret har og vore med på juletreffestar, møte for eldre og gjesta sjukeheimar og eldrester:(.....) –

Lucia med 2-4 terner har kvit kjole, lyskrone på hovudet og lys i handa. Dei andre jentene ber og band i håret, kvit kappe og lys i handa. Gutane ber kvite stjerner i hendene. (dei har blå og kvite kordrakter.) Dei syng Luciasangen (ikkje i kyrkja), adventsanger, julesanger og andre."

Klepp Bondekvinnelag står framleis som arrangør av ein slik julekonsert i kyrkja, men nå er det Klepp skulekor som opptre her. Overskotet av kollekten gjekk dei første åra til lokale formål, men går nå gjerne til eit humanitært formål som for eksempel TV-aksjonen.


Julebukkar og julegeita

Men det var og andre vesen som ferdast ute før jul – først og fremst *julebukkane*, gjerne saman med "*julegeita*".


Mange stader i Rogaland blei julebukkane kalla "julesveinar" og "julefantar". Mykje tyder på at i eldre tider var julebukkane, eller julesveinane, unge, ugifte menn ("svein" = ung, ugift mann) som fór omkring i bygda i samla flokk.

Røtene til denne julebukktradisjonen går truleg langt, langt tilbake, og tradisjonen endrar form og innhald på ulike tidspunkt.

Me har ein god del skildringar av julebukkar i Rogaland. Omtalen av desse framtoningane endrar seg noko over tid. Somme forteljingar kan tyda på at tilliks med lussifiguren, kunne både julebukken og julegeita ha ei dobbeltyding- både som ei vætte og ein utkledd figur.



Det første julekortet kom ut i Norge i 1883. Skikken med å senda julekort breidde seg raskt – først i byane. Etter 1910 blei det og meir vanleg å senda julekort på landsbygda. Motiva på julekorta bidrog til å forma folk sine oppfatningar om julefeiringa og juleskikkane.



Julegeitmasker brukt som skræmefigurar.
T.v.: Julegeit frå Nes i Vest-Agder, Flekkefjord Museum
T.h.: Julegeit med rørleg kjeft, Fredrikstad Museum. Den som ber julegeita kan trekka i snora som går langs stanga slik at kjeften rører seg. Kanskje er det ein liknande figur som blir skildra frå Imsland og Stjernarøy.
Foto: Norsk Folkemuseum

Julegeita

I tradisjonsmaterialet har me færre nedteikningar om julegeita enn om julebukkane. Med det er ikkje alltid klare skilje mellom julebukkane og julegeita. Fleire stader i landet blir også julegeita brukt som ein skræme-

figur, slik som med Lussi. Dersom borna ikkje var snille, eller dei fór ute og rek om kveldane før jul, kunne julegeita komma å ta dei. Frå Hidra er det fortalt at "... småbarn ble redde når de så den fæle julegeita og krøp og gjemte seg under sengen. (...) Julegeita var til nytte

for hver mor som hadde urolige barn, det ble stille i stova straks hun sa: Nå kjem julegeita".

Og somme skildringar av utsjånad og påkledning kan minna om Lussi-figuren. Det er ikkje samla inn særleg mange forteljingar om julegeita frå Rogaland, men frå Imsland (Vindafjord) heiter det at før julenissen fekk innpass gjekk dei med ei julegeit andre juledag. Det var eit geite- eller bukkehovud på ein stake med nokre klede på.

"Dette sette ein så inn døra mest for å skræma folk og ha moro. Det var då vanligt å skjenka dei joledram som bar geita."

Ein mann frå Stjernarøy har også høyrte om noko dei kalla julegeit: *"Ho hadde trehovud med underkjeft som kunne lyftast upp til overkjeften so det såg ut som ho beit i hop tennene"*.

Ei meir malande skildring av dette vesenet har ein frå nabodistriktet nordanfor for oss, frå Kvinnherad i Sunnhordland frå begynnelsen av 1800-talet: *"Tredje juledag var det et Gilde. Som oftest var der også et Par Julebukker eller, som de der kaldtes, Julegeder, med i Laget. De kom ofte langt borte fra, når de vidste at der holdtes Gilde på et eller andet sted, og de var bestandig velkomne, og vakte stor Glæde, når de trådte ind. Den Karl, som forestillede Juleged, var indhyllt i et langt Vadmelsklæde, som passede nøie til et colosalt Gedehoved, hvis Gab ved hjelp av skjulte Tråde kunde åbnes og lukkes. (...)* (Lily Weiser-Aall: Julenissen og julegeita i Norge).

På slutten av 1800-talet og framover 1900-talet var julegeita likevel ein velkjend figur i Rogalandsbygdene – nå som særskilde julekaker som ungane fekk til jul.

Julebukkar med og utan masker

Julebukkane opptådde både med og utan masker. Maskene kunne vera av papp, eller never, dei kunne malast på tøy - og ikkje minst var det masker av skinn, særleg saueskinn. Somme stader kjenner ein og til masker skore i tre. Andre brukte flådde kalvehovud, slik som Lussifiguren kunne gjera. Dersom dei ikkje hadde masker, sverta dei seg i ansiktet. I tillegg kunne dei hiva over seg eit åkle, skinnfell og liknande. Eller dei hadde på seg skitne og stygge klede. Tilliks med julegeita og Lussi galdt det om å sjå så stygg og farleg ut som muleg.

Ein mann frå Avaldsnes, fødd ca. 1890, skildrar julebukkane slik: *".. Av og til kan hende ein er utkledd som nisse. Elles er det aldri så nøye på utstyret når dei går julebukk. Det gjeld helst berra om å verta så stygg som mogleg"*.

Heimelsmannen frå Høgsfjorden referer også til julebukkane, eller julesveinane, og han forklarar skilnaden på Lussifiguren og julesveinane: *"Etter Lussinotti, St.Luciadag 11. desember var ingen trygge for joleveinane. Dei var alle stader framme på garden, både ute og inne, då serleg i fjos og løa. For born var det helst spelegt å vera ute om kveldane etter den tid. Lussiå vart til eit skræmsle for ungar, (.....)som fór med skrymt mellom hus og gardar. Jolesveinane var*

*Julebukkmaste av svartmalt tre med hestetagl, kuskinn og vadmél, frå Valle i Setesdal.
Foto: Martha Hoffmann/Norsk Folkemuseum*



meir godslege som fór med moro og garperi, og gjorde godt eller ugagn etter som dei vart stetta med."

Han fortel vidare at julebukkane brukte bukkehorn, festa til ein treklave, og legg til "... derav kjem vel namnet julebukk frå?"

At julebukkane fann på ugagn eller "fantestrekar" er det mange forteljingar om. "Julefanteri" er eit uttrykk som er brukt om dette. Ungdommane drog båtar opp i gjødselhaugane, spikra båtane fast i eit tre, uroa folk i sengene, flytta grindar, stabla ved framfor dører og vinduer, slepte laus dyra ... Kanskje sporar me eit slektskap med Oskoreia?

Enkelte forskarar, som Lily Weiser-Aall, har peika på at dette julefanteriet opphavleg hadde element av sosial kontroll eller straff mot dei som braut reglane for god oppførsel. Ein mann som stal på sjøen kunne f.eks. bli straffa ved at ein liten båt blei sett på naustaket hans julekvelden. Ei lita kjerre kunne bli sett på låvetaket julaftan til ein vonde og vanskelege nabo.

I nyare tid ser det ut som om dette straffeaspektet har gått ut av tradisjonen, slik at desse "fantastrekane" blei meir rekna som ungdommelege ablegøyer.

Somme plasser har desse skikkane forflytta seg til nyttårsafta: "Det hender at ungdom, som har lukta litt på korken, dreg av garde med ein eller annan reiskap, så eigarane får eit heilt arbeid med å finna det att. Det er helst nyttårsaftan detta vart gjort," skriv ein mann frå Torvastad på Karmøy i 1950-åra.

"Pusleskatt"

At julebukkane eller julegeita skulle ha eit kvart traktement, dram eller godteri, er gammalt. Når julebukkane

for rundt frå gard til gard fekk dei ofte mat og skjenk. Frå Forsand blir det fortald at julebukkane sjølve hadde ei flaske på lomma, og skjenka alle i stova "... ein dram til lukke og god helg".

Sidan det først og fremst var unge, ugifte menn som gjekk julebukk er det forståeleg at dei gjerne oppsøkte jentene i byga. Somme plasser kunne dei krevja såkalla "pusleskatt" av kvar vaksen jenta i grenda i jula. Uttrykket er i Norsk Ordbog definert slik: "Et lidet Traktement, Dram, Æbler eller Nødder, som hver Ungkarl kan kreve av hver voksen pike i grænden i Julen."

Det er ikkje vanskeleg å forstå at dei jentene - som ikkje hadde all verda å rutta med - klaga seg og kjende skikken som ei belastning.

Tradisjonen er særleg kjent frå Hordaland/Hardanger. Me er usikre på kor utbreidd skikken har vore i Rogaland. Men i sine kulturhistoriske skildringar frå Jæren kring midten av 1800-talet skriv m.a. J. Grude at både søner og drenger, døtre og tenestejenter måtte ha eige julebrennevin for å "... kunne traktere sine særlige Venner med en Juledram".

Ein mann frå Erfjord opplyser at også tenestejentene hadde julebrennevin "i dei tider".

Frå julebukkar til julenissar

I nyare tid er det "å gå julebukk" forbunde med ungar som kler seg ut, gjerne med nissemasker. Dei går frå hus til hus, syng gjerne ein song og forventar godteri tilbake. At ungane går julebukk høyrer til 1900-talet. Og dei kjøpte nissemaskene er eit forholdsvis nytt fenomen, i stor grad knytta til etterkrigstida, og eit

uttrykk for at dei gamle julebukktradisjonane blei blanda saman med nyare førestellingar om nissen. "Julebukk heiter her julafant, og nå brukar dei kjøpe-masker. (...) No er det berre born som er julefantar,..." fortel ein mann i Sandeid kring 1950.


Når kunne ein så gå julebukk? Her er det ulike reglar – som gjerne endrar seg over tid. Somme stader i Rogaland begynte julebukkane eller Julesveinane å visa seg frå Lussikvelden og utover til etter nyttår.

Andre stader i landet er tradisjonen knytta til romjula. Ei førestelling som utan tvil er blitt forsterka av Romjulsvisa til Alf Prøysen. Somme snakkar jamvel om "nyttårsbukk".

Ein mann frå Forsand klaga over at "... I 1800-åri til 1900 var det vanleg skikk her at ingen måtte gå jolebukk før Todlakmøssdagen (litle jolafta). No er det berre ungar som går jolebukk, utan regel og tradisjon."

Og reglane blir nok praktisert ulikt i dag og. Mange stader er julebukktradisjonen knytta til romjula, men m.a. i bygdene på Sør-Jæren går borna også julebukk i dagane før julekvelden.

I tiåra etter 2. verdskrigen brukte julebukkane som nemnt meir og meir kjøpte julemasker og kledde seg ut som små nissar. Av og til kunne det vera rett så vanskeleg å skilja desse ulike figurane frå kvarandre. Ein mann på Sør-Karmøy (Skudenes) fortel i 1951 at før i tida var dei ein og annan "garpen" som gjekk julebukk. Men nå er det berre halvaksne gutar som kler seg ut som julenissar: "og dei prøver å herma etter klededrakt som dei ser i bøker og blad. Det hender dei kjøper seg julemaske, men tidast rampar dei på seg litt av kvart som dei kan finna heime, og som kan



Julebukk-opptog med ulike masker og påkledningar teikna av B. Bergstrøm i Norsk Folkeblad 1869.



Kanskje kjem nissen med noko godt i natt? Førstellingane om at ein usynleg nisse kom og la gåver i ei skål eller ein sokk medan borna sov, er langt eldre enn forteljingane om julenissen som kjem med gåver i ein sekk på ryggen.

gjera dei ukjennelege på same tid som dei skal likna på ein julenisse".

Frå usynlege nissar til Santa Claus

Kven var nå eigentleg denne "nissen"? Kordan såg han ut, og kordan har folk oppfatta han? Nissen er slett ingen eintydig figur. Oppfatningar og skildringar av nissen spenner frå den litle, utgamle og litt innfule tuft-

kallen eller fjøsnissen til den gode og runde St. Nikolaus/ Santa Claus-figuren.

St. Nikolaus og dei hemmelge gåvene

Ordet "nisse" heng saman med namnet "Nils" som er den nordiske forma av "Nikolaus". Opphavet til den moderne julenissen er den heilage Nikolaus, biskop i Myra i Litle-Asia på 300-talet. Nikolaus blei skyts-

helgen for barn på 500-talet. I følgje legenden hadde han ein gang skaffa tre fattige jenter medgift slik at dei kunne gifta seg. Dette skal vera opphavet til å gi barn gåver i hemmelegheit på St.Nikolaus sin festdag - 6. desember. I katolsk tradisjon var 6. desember også i Norge kalla Nilsmesse.

Frå gammal tid sette ungane denne dagen skoa sine, ei skål eller hengde opp sokkane sine på bestemte plassar for at St.Nikolaus eller hans hemmelege medhjelparar skulle leggja noko godt i dei. I den protestantiske delen av Tyskland blei skikken etter kvart flytta til julafta. Bakgrunnen for dette var m.a. at ein ville dreia fokuset bort frå katolske helgenar og setja julekvelden og Kristusbarnet i sentrum. Det skulle vera Kristusbarnet som kom med gåvene, men akurat det budskapet ser ikkje til å ha festa seg særleg i folketradisjonen.

Her i landet er skikken med gåver frå ein usynleg gjevar kjend i ulike bygder, også i Rogaland. I ei beretning frå Heskestad kring 1860 heiter det at julaftan sette barna ei skål utanfor døra. Hadde dei vore snille, skulle det ligga gåver i skåla om morgonen. Andre plassar var det vanleg å henga opp sokkane sine på loftet eller på sengestolpane. ".. borna legger sokkane sine i gangen eller på loftet, og dei er alltid tidleg oppe for å sjå om nissen har vært der", skriv ein mann frå Taksdal i Time.

Her er det tale om ein usynleg nisse. Og på våre kantar meinte vel folk helst at det var fjøsnissen eller gardvoren som hadde vore ute?

Då NEG kring 1950 spurde folk om denne tradisjonen understreka fleire av informantane at skikken med dei hemmelege gåvene ikkje hadde noko med julenissen å gjera, men var langt eldre.


Men den usynlege julenissen gjesta bygdene seinare også.. Men då var kanskje forventningane påverka av nyare førestellingar. For nokre år sidan fortalde ei kone frå Hå at "Ja, eg huskar ein gong far min sa at me måtte hengja fram den største sokken me hadde. For det kom ein mann som hette julanisse. Og så måtte me hengja den fram med natta, sånn at han kom med natta. Og stor vart min forskrekkelse om morgonen. Eg hadde hengt fram en fæle sokk, veit du, og så var det kun en ablesin på botnen. Og eg kunne ikkje begripa meg på den mannen dei kalte julanisse. Så fekk eg det til svar at det var mange ungar han skulle gå til, og sekken var tung, og han skulle ha nogo til alle".

Julenissen kjem med julegåver

Vår tids julenisse er den snille og godsleg bestefarsfiguren som deler ut gåver til jul. Han kan gjerne vera stor og rund, skal ha har raud fotsid kåpe, raud topp-lue og langt, kvitt skjegg. Slik sett har vår nisseoppfatning blitt nokså identisk med den amerikanske Santa Claus figuren, kjent frå julekort, blader, reklame og kjøpesentra.

Kjeldemateriale viser at denne nisseskapningen var heller ukjent for hundre år sidan. Det var først på 1900-talet at den gåvmilde nissefiguren blei kjent på våre kantar: "Julenissen, som deler ut julegaver er ikkje gammal her. Det var først i 1920-åra nissen begynte å dela ut julegavene både i heimmene og på fester",

Fleire fortel at nissen først dukka opp på juletrefestane på skulane, og at han då delte ut appelsiner til borna. Skikken fekk først feste hos borgarskapet byane i siste del av 1800-talet og spreidde seg på ulike måtar



Folk sine førestellingar om "julenissen" blei i stor grad prega av korleis nissen blei framstilt på julekorta. Særleg utanlandske kort var inspirerte av den amerikanske Santa Claus-figuren eller den tyske "Weihnachtsmann".

– gjerne etter inspirasjon frå julekort eller forteljingar i julehefter.

"Då eg var barn var det ikkje så mykje tale om julenissen. Ein hadde jo lese om nissen, så ein visste kva det var, men å "oppleva" nissen med jul var mindre kjent. Serleg gjennom julekort vart dei ymse nissearter etter kvart kjende og i mi ungdomstid fekk ein av og til sjå nissen "levande", fyrst på einskilde festar og seinare i sume av heimane, serleg der dei liksom låg eit strek høgare enn andre", skriv heimelsmannen frå Avaldsnes på Karmøy.

Fjøsningen

Men ein annan "nisseart", "fjøsningen" har røter langt tilbake i tida. Tilliks med Lussi var fjøsningen ei slags vette, *gardvette*. På Vestlandet reknar ein at fjøsningen har samanheng med dei gamle førestellingane om *gardvorden*, *tunkallen* eller *tuftekallen* – folk har brukt ulike nemningar på denne figuren. Ein mann frå Lysefjorden meiner at tuftekallen er eit forholdsvis nytt uttrykk om "... det same som vel frå dei eldste tider har vorte nemnte som Bøø'n".

Mange meiner at gardvorden eller tunkallen var den som opphavleg rydda garden. Og lina derifrå er kanskje ikkje så lang til førestellingane om ættefaren som låg i haug nær garden, og dei eldgamle skikkane med å ofra noko juleøl eller julegraut til denne ættefaren. Korleis såg han så ut, denne fjøsningen?

Folk er einige om at han var liten og utgammal, elles finnest litt ulike skildringar av klesdrakten: "Desse nissane hadde raud topphua og kvit trøya", fortel ein mann frå Hjelmeland.



Nissen som kom til heimen med gåver på julaftan var ikkje alminneleg på bygdene eller hos folk flest før etter 2. verdskrigen. Påkledning og utsjånad blei i stor grad påverka av nissemotiva på julekort og i julehefte.

Over t.v: klassisk julenissemotiv.

Under t.v: Er nissen ekte nisse mon tru? Treåringen takkar fint for gåvene, men synest det er tryggast å halda nissen på "ei armlengds avstand".

Over: Her kjem julegåvene! "Nissen" er avslørt, men sjuåringen meiner det er stas med julenisse likevel.



Teodor Dahl fortel etter morfar sin at ein gong han reid frå Anda til Engelsvoll fór ein liten bitte nisse framfor hesten heile vegen: "Den var pittlane liden, men vent kledde", sa morfar.


Frå Høgsfjorden blir det fortalt om ein mann som heitte Torkell, og som ".. vel var på sitt sprekaste kring 1840. .. Ein gong han um hausten var på låven og trøkste, då såg han ei heil rad med julesveinar som kom upp etter låvebrua. Dei kom i ei fin rekkje, den største

fyrst og så skråna det jamt nedover til den siste. Dei hadde blå og kvitreiga sokka, gråknebukse, svart trøya og raud pinnhua."

Hovudoppgåva til gardvorden, eller fjøsnissen, var å halda orden på garden, først og fremst i fjøs og uthus. På 1900-talet var det sjølv sagt ingen som trudde på fjøsnissen eller andre vette. Men fleire meinte at eldre folk ikkje var heilt frie for slike førestellingar. I alle fall sørga dei for å stella fint med denne skapningen i jula.



Nissen som kom med julegåver til borna dukka først opp hos embetsfolk og byborgarskapet på slutten av 1800-talet og begynnelsen på 1900-talet. Hos arbeidsfolk og bønder måtte borna lenge vera glade om dei fekk eit nytt klesplagg og frukt eller godteri til jul.



Fjøsnissen som får graut på låven blei eit klassisk julekortmotiv.

Frå Madla kring 1950 blir det fortalt at ".. Edvin Malde – 51 – år hugsa at bestefar hans, Gabriel Malde, fødd kring 1830, fortalde at han hugsa der vart sett ut graut til nissen juleafta. Truleg var her fleire og som gjorde det på den tid."


Og heimelsmannen vår frå Skudenes skriv vidare at ".. sjølv om dei fleste gamle som fortalde om fjøsnissen, gjorde det med eit smil, og hadde nok lite eller ikkje tru på at han hjalp til i fjøset, så trur eg nok at her var gamle i min barndom som trudde litt på han."

Frå Jæren fortel J. Grude at dei gamle budeiene stelte ekstra godt med husdyra i jula – då fekk dyra gjerne ein ekstra dott høyr eller rikelegare med havremjøl i drikken.

" Gamle budeier holdt fast på dette, ligesom de ogsaa gjerne smuglede noget af julekosten, en skaal gryngrød eller andet ud i fjøset til nissen. Denne trafik var formodentlig på retur, da man nødig vilde at husbondfolkene skulde vide noget om den slags traktement.."

Og Teodor Dahl fortel at han ein julekveld såg morfaren lista seg ut i løa med ein grauttallerken.

Soger om kor ille det kunne gå når ein braut dei gamle skikkane bidrog nok til at folk tykte det var best å vera på den sikre sida. Det er fortald om ei tenestjente som skulle gå ut på låven med graut til nissen, eller tuftekallen, men så åt ho likegodt opp grauten sjølv. Ho meinte det var berre tull at det var eit vesen på låven som skulle ha mat. Men då ho sette frå seg fatet, kom det ein liten tass og tok til å dansa med henne som straff. Og han heldt på å sprengja heile jenta slik at jo aldri blei helsje meir.



Norske julekort-teiknarar var inspirerte av forteljingane om fjøs-nissen og andre folkelege førestellingar om jula. Mange av desse korta hadde ofte ein humoristisk undertone.

Ei liknande historie blir fortald om ein dreng som også lurte seg til å eta opp julegrauten som nissen eller gardvorden skulle hatt. Då han seinare på kvelden gjekk ut i stallen for å føra hesten, tok gardvorden å klemde han fast oppi stallgluggen. Der sat han like til juledagsmorgon før folket på garden fann han. Han blei aldri noko til kar meir, seiast det.


Andre skapningar i førjulsnatta

I den mørke førjulstida var det endå fleire skapningar som var ute og gjekk - Lussi, julebukkan og tuftkallen var ikkje åleine.

Tomas bryggjar og Tollak Spole

21. desember var ikkje berre vintersolverv, det var også "Tommesmesse". I kyrkjekalenderen er dette minnedagen for apostelen Tomas (den vantru). Han var misjonær i Persia og India, og leid martyrdøden omlag 70 år e. Kr. Den norske tradisjonen har lite med apostelen å gjera. Her i landet blei dagen oftast kalla "Tomas bryggjar", og då skulle juleølet bryggjast. Andre stader var det oppskoka denne dagen. Somme plasser fungerte også Tomas som ei kontrollvete som såg til at ting blei gjort i rett tid, slik som Lussi. "Dei måtte ikkje spinna lengre enn til Tommes, heiter det.

Ein annan skræmefigur som særleg ungane måtte passa seg for var Tollak Spole eller "Tollak med lakabyttene" som dei sa på Karmøy. Han var ute og skræmde barna på "Tollaksmussdagen", 23. desember, Dei ungane som var ukjerne blei truga med at då kom Tollak med lakabyttene og gav dei ris. Han var utstyrt med



Kanskje er dette Tollak Spole som har vore å truga til seg øl? Eller er det den gamle gardvorden som ser til at folket på garden ofrar litt øl til han i jula?



Huldra slik Hans Gude teikna henne på 1800-talet. Folk hadde levande førestellingar om huldra til langt inn på 1800-talet. Ho hadde gjerne egne krettur, men hjalp og til i fjøset dersom folket på garden stelte fint med henne. Då kunne ho vera gåvmild og hjelpsam.

bjørkeris, og eit vassel med to bytter med saltlake - slik at det retteleg skulle svi.

Andre stader blir dagen kalla "Tollesmesse". Dagen var til minne om den islandske biskopen Torlaker Helgi Torhalsson (1133-1193), biskop frå 1178, godtatt som helgen 1198. Han blei særleg feira på Vestlandet, i Nord-Norge og på Island. Den folkelege varianten framstår ikkje akkurat som helgen. På Jæren kan det sjå ut som Tomas og Tollak går litt i surr. Her kom nemleg Tollak inn i kjellaren og truga til seg øl:

*"Tollak Spole,
nott og dag te jole
får eg kje øl
så tege eg bodno dine"*

Huldra

Ein annan tradisjon forbunde med Tollaksmuss-dagen var at den dagen flytta huldra frå ein haug til ein annan. Folk hørde då kor det skramla i gryter og kar, og korleis huldra lokka på kretturå sine.

Somme stader har huldra hatt liknande funksjon som fjøsnissen. Ho hjalp til i fjøset, og tok seg særleg godt av dei kyrne som skulle kalva.

På mange gardar på Karmøy sette dei difor ut graut til huldra på julafta. Somme plasser spøta dei også sokkar til henne. Elles er det fortald at huldra gjerne ville ha fisk til jul: Då var det eingong nokre karar som rodde ut og skulle skaffa julefisk. Til å begynna med fekk dei ikkje eit einaste napp. Så dei måtte langt til havs - og då beit fisken i eitt sett. Dei lurte nok på om det var noko trolldom med i spelet her. Då dei kom til lands håtta dei eit spann attunder ein stein. Då skjøna

dei at det nok var huldra som ville ha fisk, og dei hadde rikeleg med fisk oppi spannet. Morgonen etter var både spannet og fisken borte, og i staden låg der ein neve sølvpengar.

Stelte ein fint med huldra, var ho gåvmild. Det hende og at huldra gav folket på garden julegåver. Ei kona som heitte Olena stod julaftan og rørte i julegrauten. Då kom ei store og staselege ku bort i kjøkkendøra (halvdøra) og stod og såg på henne. Men kona trudde det var kua til naboen som var kommen laus, og jaga henne bort.

Då var det einkvan som sa: *"Kossela Fleina, dei har kje vet å gøyma"*. Kom ein derimot på kant med huldra, var ho ikkje det bitten nådigare enn fjøsnissen. Det er fortald om ein mann som ikkje unte henne julegraut. Då han kom i fjosen juledagsmorgonen, hadde huldra jaga alle kyrne til marka.

Ein mann i Bjerkeim meiner at dei hadde ikkje så mange segner om den gamle gardsnissen. *"Nei, då trudde folk meir på dvergane i fjellet og på hullæ (huldra). Det var ho som skulle ha maten og ølet folk satte ut julaften"*.

Teodor Dahl har fleire huldrehistorier frå Jæren. Men det var helst julekvelden at ein såg henne: *"Hun kjørte med slede når grauten koktes. Da måtte en gå tre ganger rundt huset med grauttvåren"*.

"Den som ventar på noko godt

Skitnesundag og "slanketid"

Dei siste vekene før jul trong ein ikkje vera så nøye verken med matstellet eller reinsemda. Det er kjent frå ulike stader i landet at frå slutten av november kunne

matmora minka maten. Folk i huset fekk mindre og simplare mat, noko som kan ha samanheng med katolske fasteskikkar i adventstida. "... dei snakka um at der skulde vera simplare mat fyre jol, so folk skulde setja større pris på alt det gode joli baud på", fortel ein mann frå Stjernerøy.

Før jul skulle folk helst vera litt uflidde og ha på seg dei styggaste og mest fillete kleda. Kvinnene skulle heller ikkje byta undertøy i vekene før jul.

Mange kallar den siste sundagen før jul for "skitnesundag" eller "svartesundag". Då skulle ein ikkje ta på seg helgekleda eller "vøla om" i huset, men venta med reingjeringa til julehelga.

Somme plasser var det spesielle matskikkar knytta til skitnesundag. Enkelte jærbuar gjekk i nyare tid over til å eta smalføter på skitnesundag. Ein mann frå Bråstein i Sandnes meiner at dei åt smalføter laurdagen før jul. I Bjerkreim var det tradisjon for å koka sauetunger på svartesundag. "Og suppa som hørde til var laga av dei største havregryni av julegryni."

I Høgسفjorden kallte dei søndag føre jul for "søltre-søndag": "Då skulle dei koka "søltre", håve og føter av sauer og geiter."

Førebuingar til helga

Førebuingane til jula var omfattande. Det skulle slaktast, bakast og bryggjast. Hus og innbu skulle vera vaska og skura, det skulle skiftast halm i sengane, julelys skulle støypast, messingstakar og kopparkjerald skulle pussast og alle i familien burde få eit nytt klesplagg til jul.

Jula var den store høgtida i året, då skulle alt det



Dagny Sandve bakar flatbrød i Kviahuset under ein aktivitetsdag på Jærmuseet.

beste på bordet. Sjølv sagt var det skilnad på folk. Småkårsfolk måtte nok nøya seg med knappare utval og mindre mengde enn storbønder og "betrestilte". "Hovudsaka var at dei i det heile kunne ha noko "godt" til jul", meiner ein mann frå Karmøy.

Mat og drikke


Haustslaktinga blei unnagjort i oktober/november. Kjøtet blei salta eller tørka, og skulle vara ut gjennom året. Det blei laga pølser, rullepølser og anna kjøtmat. På Jæren måtte dei sørge for å salta og tørka smalføter

slik at dei hadde til kjøtmølja julaftan. Viss hushaldet hadde gris, skulle denne slaktast så tett opp til jula som muleg slik at dei fekk ferskast muleg kjøt til høgtida.

Heimebakst og kjøpekaker

Flatbrød, tynnbrød og lefse blei baka i god tid før jul. Utpå hausten kom bakstekona til gards og baka opp store ruer med flatbrød. Flatbrød var forrådsmat og blei vanlegvis baka ein eller to gonger i året. Fram til "stompen" eller omnsbrødet blei kvardagsmat først på 1900-talet, var havreflatbrødet det daglege brød. Lefse blei baka samtidig, men den blei spart til høgtider og gjestebud. Alle måtte ha lefse til jul. Tynnbrød var ein ekstra fin variant av flatbrødet som og blei baka til jul og særskilde høgtider. Somme baka tynnbrødet av poteter og havremjøl iblanda litt rug. Andre meinte at godt tynnbrød burde bakast av fint rugmjøl og poteter, slik som lefsa. Lefsene skulle bakast så tynne som muleg. Når dei hadde lagt leiven på bakstehella, blei han "skina" (smurd) på oppsida med mjølk, aller helst med råmjølk. I jula bløyte dei lefseleivane i lunka vatn, klinte dei med smør, og la dei i hop til ein lang firkant eller trekant. Det var først på 1900-talet at folk begynte å ha sukker på lefsene. Tynnbrødet blei ikkje "skint". Mange kalla dette for "møljebrød", sidan dei brukte det attåt mølja.

Mulegheitene til å variera kosten i eldre tid var langt frå slik som i våre dagar. Men kvadagskosten kunne få ein ekstra spiss i jula, gjerne ved å tilsetta ekstra krydder. Anis sette julesmak på forskjellige bakverk. Når dei tradisjonelle jærskede surdeigsbrøda, "syrekakene", blei baka til jul, fekk dei namnet julekaker. Då spanderte



"Ja, julageiter og kakemener kjøpte ein hjå bakaren. Julageitene var sirupskaker, tillaga med horn og eit par føter og sett eit geitestempel på sida av kaka", skreiv ein mann frå Høyland til NEG i 1953, og teikna samtidig ei julegeit med eit slikt kakestempel.

husmora kjøperug, tilsette aniskrydder og skinte brøda med mjølk, eller helst råmjølk, slik at dei blei glatte og blanke. Brøda blei og dekorerte med eit særleg kake-merke, ofte ei åttebladsrose eller ein annan geometrisk figur.

På Haugalandet var det vanleg at potetkakene blei krydra med anis og fekk "lokk" til jul, d.v.s. at ein steikte små pannekaker eller tynnkaker og la i hop med potet-